



TEMAPLAN FOR IDRETT, FYSISK AKTIVITET, FRILUFTSLIV OG KULTURBYGG



Vågstranda kunstgrasbane
Foto: Eskild Svendsen



Paviljongen i Bårdsnesosen
Foto: Bygdebladet

TILTAKS RULLERING 2022

Fysisk aktivitet og tilgang på kulturopplevingar, er nødvendig for at innbyggerane i kommunen skal trivast og for at barn og unge skal utvikle seg positivt.

Sosialt samvær, kulturopplevingar og fysisk aktivitet verkar også positivt på eit naturleg alderdomsforfall, og på den mentale helsa til oss alle.

Samstundes ser vi tendensar til ein meir stillesittande kvardag, slik at fleire aldersgrupper blir mindre fysisk aktive enn før. Denne kunnskapen bør føre til eit aktivt engasjement også frå kommunen si side, med tanke på å få folk i alle aldrar til å oppleve kultur og drive med idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Denne utfordringa tek Vestnes kommune på alvor, m.a. gjennom dette kulturpolitiske temaplanarbeidet.

Kulturtemaplan tiltaksrulling 2022

Innholdsliste

<u>TILTAKSRULLERING 2022</u>	1
<u>ORDINÆRE ANLEGG - IDRETTSANLEGG (1/3 DELS TILSKOT)</u>	3
<u>NÆRMILJØANLEGG (50% TILSKOT)</u>	3
<u>KULTURBYGG. PRIORITERT TILTAKSPLAN</u>	4

Kulturtemaplan tiltaksrulling 2022

HANDLINGSDEL VED RULLERINGA I 2022

PRIORITERTE TILTAK MED RELEVANS FOR SPELEMIDDELORDNINGA OG ANDRE TILSKOTSORDNINGAR.

Kulturtemaplanen blir tiltaksrullert og godkjend av kommunestyret kvart år.

Temaplanrullinga vil samspele med kommuneplanens samfunnsdel og arealdel.

Nye prosjekt ved rullinga er merka ("ny") i matriseoppsettet, der også tidlegare tiltak er vist.

Prosjekt og tiltak blir ført opp i den rekkefølga dei kjem inn. Tiltak som har dokumentert finansiering går framom prosjekt og tiltak som ikkje har finansiering i orden.

Prioriteringsrekkefølge gjeld kun for søknadar som skal sendast det komande året.

Andre prosjekt som ikkje er konkretiserte, kan settast opp i uprioritert rekkefølge merka («u»).

Prioritering byggjer på siste gjeldande kommunestyrevedtak og innkomne innspel.

Framlagt årsrulling innan kategori ordinære idrettsanlegg = tilråding frå Vestnes Idrettsråd.

(*) = ferdigbygde anlegg som ikkje har fått utbetalt tildelte midlar.

ORDINÆRE ANLEGG - IDRETTSANLEGG (1/3 dels tilskot/50% for turveg)

Anl.nr	Nr	Namn – tiltak - vurderingar	Merknader	Søkte spelemidlar i 2022	Søker spelemidlar i 2023
9676	*	Rehabilitering/utskifting av kunstgrasdekke på 7'ar kunstgrasbane ved Tomrefjord skule. (38 m x 58 m) Delar av dekket blei skadd under rehab. av idrettsbygget.	Prosjektet ferdigstilt i oktober 2020.	Ja, fekk tilsagn om 332.000 kr..	Nei
25508	*	Ørskogfjell skilag skal kjøpe inn snøkanonar og rehabiliter eksisterande anlegg.	Fornya søknad	Ja, fekk tilsagn om 510.000 kr.	Nei
	*	Ny kunstgrasbane på Vågstranda. Prosjektet skal etter planen vere ferdig i desember 2021.		Ja, fikk tilsagn om 700.000 kr.	Nei
37964	1	Klubbhusrehabilitering / nytt klubbhusbygg Vestnes Idrettspark.	Søknad under utarbeiding	Nei	Nei
46099	2	Tresfjord IL planlegg løpebane med fast dekke på Tresfjord stadion.	Søknad under utarbeiding.	Nei	Avhengig av finansieringsplan
	3	Ein turveg mellom Fagervik og Tresfjord kyrkje er under planlegging.	Plansak	Nei	Avhengig av finansieringsplan
	4	NMK Vestnes arbeider med planar for eit motorsportsenter i kommunen (Øveråslia.) Ei knøttcrossbane opna i 2020, og planane for neste trinn omfattar m.a. bygging av offroad- og motocrossbane.	Plansak	Nei	Avhengig av finansieringsplan
	5	Vestnes Varfjell planlegg ny 7'ar bane 36*60 m med lys nord i Vestnes idrettspark mot bobilparkering. Kostnad kalkulert til 1,2 mill. Kunstgras med miljøvennlig innfyll. Ferdigstilte 2023-24	Plansak	Nei	Nei
	U	Rekdal Skyttarlag planlegg utviding og modernisering av skytebane.		Plansak	
	U	Vikfjora - Bårdsnesosen – Tomra. Areal og turvegsikring inkludert opparbeiding av parkeringsplassar. MDIR ga tilsegn om statleg sikring i 2016.		På grunn av grunneigarmotstand er dette prosjektet lagt på is.	

NÆRMILJØANLEGG (50% tilskot)

Anl.nr	Nr	Namn – tiltak - vurderingar	Merknader	Søkte spelemidlar i 2022	Søker spelemidlar i 2023
78257	*	IL Samhald skal etablere ny miniballbinge ved Vike Montessoriskule		Ja, fekk tilsagn om 154.000 kr.	Nei
	*	Velforeninga Bårdsnesosen har sett opp ein paviljong som skal vere tilgjengeleg for allmenta. Det er vidare planer om etablering av tursti/turveg i området rundt Bårdsnesosen.		Ja, fekk tilsagn om 300.000 kr.	Nei
79898	1(ny)	Tresfjord IL har etablert ein naturklatrejungel med 8 stasjonar.	Søknad under utarbeiding	Nei	Ja
79900	2(ny)	Tresfjord IL har etablert ein 20 meter lang naturbuldrevveg med påmonterte klatretak.	Søknad under utarbeiding	Nei	Ja

Kulturtemaplan tiltaksrulling 2022

U	Tomrefjord IL ønsker å utvikle utearealet ved Tomrefjord idrettsbygg til eit område for eigenstyrt og organisert aktivitet. Dei planlagte delprosjekta omfattar m.a. sandvolleyballbane, tennisbane, Tuftepark og sykkelbane.	Plansak
U	Friluftsliv på Tomrefjellet. Bygdasetra felleseige ønsker å opparbeide ein tilrettelagt utfartsstad ved Svartløkvatnet på Tomrefjellet. Planane gjeld ei universelt utforma fiskebrygge/steinmolo med moglegheit for å komme ut i båt/bade	Plansak
U	Friluftsliv - Fiksdal IL. Turveg og rundløype med ein parkeringsplass og trebru over Fiksdalselva. Aktuelt å arbeide vidare – eventuelt med delar av prosjektet.	Plansak
U	Tursti frå parkeringsplass ved Vestnes kyrkje til Vestneshaugen. Innspel frå Vestnes SV.	Plansak

KULTURBYGG - TILTAKSPLAN

Anl.nr	Nr	Namn – tiltak	Merknader	Søkte spelemidlar i 2022	Søker spelemidlar i 2023
75930	*	Nytt biblioteklokale i Stella Maris. Biblioteket vart tatt i bruk i april 2021.	Prosjektet fekk fylkeskommunal førehandsgodkjenning i nov. 2019.	Ja, fekk siste delutbetaling på 653 000 kr	Nei
62583	*	UL Frihug skal oppgradere delar av ungdomshuset Ljosvang sin 1. etasje. Dette inkluderar utviding av kjøkkenet og utskifting av vindu.	Prosjektet fekk kommunal førehandsgodkjenning i mars 2020.	Ja, fekk tilsagn om 200.000 kr.	Nei
	U	Kjelbotn bedehus – utbetring av loft og oppgradering av sanitæranlegg.		Plansak	
	U	Vågstranda ungdomslag – oppgradering av forsamlingshus.		Plansak	

Idrettsfagleg behandla av Vestnes Idrettsråd den 03.11.2022

Godkjent dato:..... av Vestnes kommunestyre – . sak